

Praktiske opplysninger:

Dato: 20.—22. mars 2015. Lunsj kl. 12.00

Stad:

Førde, Rica Sunnfjord Hotel & Spa



Prisar:

Festivalavgift for deltakarane: 500,- (for medlemmer i NFU)
900,- (ikkjemedlemmer)

Prisar pr. person:

Heilpensjon i dobbeltrom inkl. festmiddag	2270,-
Heilpensjon i enkeltrom inkl. festmiddag	3270,-
Dagpakke for ikkjebuande	420,-
Middag fredag kveld ikkjebuande	445,-
Festmiddag laurdag kveld ikkjebuande	485,-

Vi kjem til å selje t-skjorter med logoen vår til kr 50,- pr stk.

Påmelding:

Elektronisk påmelding til : www.kulturfestivalen-forde.org
Innan 27. februar 2015

Kontaktperson:

Treng du hjelp til påmelding eller har spørsmål, kontakt

Gry Sætre

Tlf: 90 94 93 16

gry.setre@gmail.com



Kom og ver med på

KULTURFESTIVALEN

for menneske med utviklingshemming

Sogn og Fjordane 2015

- frå 16 år og oppover

20. - 22. mars Førde

Rica Sunnfjord Hotel & Spa

Tema: Musicalen **Løvenes konge**



www.sfj.no

Arrangør: NFU Sogn og Fjordane | Medarrangør: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kulturfestivalen 2015



Celebrations Boys



**20.—22. mars 2015 er
DU velkommen til Kulturfestivalen
for menneske med utviklingshemming
i Førde, Rica Sunnfjord Hotel & Spa.**

NFU i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune inviterer til den 27. festivalen med spennande kulturaktivitetar, gjestar og avslutningskonsert! Årets tema for festivalen er musikalen til «Løvenes Konge». Vi ønsker å fylle hotellet med gode kulturopplevingar, latter, glede og godt humør. Dansegruppa Absens Crew ilag med andre instruktørar frå heile landet skal leie verkstadane som ein kan delta på. Laurdag kveld vert det festmiddag og dans med **Celebrations Boys**.

Fylkesvaraordførar Jenny Følling og bandet **Go Bananas frå Fjaler** opnar festivalen fredag kl.14:00. Deretter startar verkstadane, som ein deltek på heile helga. Vi utfordrar deg som har vore med før til å prøve nye aktivitetar i år. Her får du arbeide med ulike kunst- og kulturuttrykk. Du melder deg på to verkstader og får vere med på ein av dei. Men det er ikkje sikkert du får plass der du har aller mest lyst å vere. Vi må setje saman gruppene. Laurdag flyttar vi festivalen ut i Førde sentrum og har opptog. Søndag avsluttar vi med felleskonsert med alle deltakarane.

Velkommen!
for Festivalkomiteen
Gry Sætre

VERKSTADANE: Meld deg på!



1: MUSIKALSK SAMVÆR OG OPPLEVING

Opplev musikk, lyd og eigen kropp. Verkstad passar godt for dei med samansett funksjonshemming.

2: ENKELT SAMSPEL

Verkstad der song og bruk av ulike rytmeinstrument vil vere sentralt

3: BAND

Spel i band. Her kan du utvikle deg på eit bandinstrument eller syngje. Det blir to verkstader med band.

4: DANS / ABSENCE CREW (FRÅ NORSKE TALENTER)

Dans med instruktørane Daniel og Håvard frå Absence Crew.

5: EVENTYR

Bli med inn i eventyrets verd med Hanne Oftedal.

6: TEATER: Løvenes konge

Spel teater/ musikalen Løvenes Konge. Du får rolle og skal vere skodespelar under forestillinga søndag.

7: KUNST / MÅLING

Her får du arbeide med biletskaping i vid forstand.

8: KULISSE På denne verkstaden skal de vere med og lage kulisser til Løvenes konge. Her blir snekring, måling, og laging av maske som skal brukast på forestillinga.

9: MEDIA I denne verkstaden kan du velje mellom to ting: vere journalist saman med BRA TV frå Bergen eller lage di eiga digitale forteljing. (8 plassar)